



Noregs Ungdomslag
Postboks 414 sentrum
0103 Oslo
Telefon 24 14 11 10
Organisasjonsnr. 939 550 550
www.ungdomslag.no
informasjon@ungdomslag.no

Barne- og likestillingsdepartementet OG LIKESTILLINGSDEP.
Postboks 8036 dep
0030 Oslo

Arkivkode: 435.0
Dato: 2/10-07
Saksnr: 200702911 1-026

Oslo, 1. oktober 2007

Forslag til nytt regelverk for grunnstønad til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar – høyringsfråsegn.

Noregs Ungdomslag har handsama forslaget til nytt regelverk for grunnstønad til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane. Vi er generelt sett positive til at det ikkje berre er tal medlemmer og lag som no blir teljande fordi vi meiner dette vil gjere at organisasjonar som skaper aktivitet vil få større uttelling for sitt arbeid. Vi ynskjer med dette å kome med nokre kommentarar til forslaga.

Forslaget til nytt regelverk vil vere med på å favorisere ungdomsorganisasjonar, framfor generasjonsorganisasjonar og barneorganisasjonar. Dette gjeld særleg forslaga om utmålingskriterium basert på at 50 % av medlemmane må vere under 26 år og at berre kursdeltakare under 26 år skal telle med.

Slik reglane er i dag og slik det nye regelverket legg opp til, tel ikkje våre aktivitetar og våre medlemmer like mykje som i andre barne- og ungdomsorganisasjonar. Vi meiner det må vere mulig å definere om ein organisasjon har fokus på barne- og ungdomsaktivitetar og eventuelt gi dispensasjon frå regelen om at 50% av medlemsmassen må være under 26 år.

Noregs Ungdomslag er ein organisasjon som vektlegg arbeid på tvers av generasjonane. Aktivitetar og demokratiopplæring føregår ofte på same arena. Samspel og læringsutveksling mellom ulike aldersgrupper er det viktigaste fundamentet i arbeidet vårt.

Punkt 8. Årsrapport og medlemslister

Vi støtter forslaget i LNU si høyringsutale om at anten leiar eller to av medlemmene i styret skal skrive under medlemslister og årsrapport. Dette vil forenkle arbeidet for organisasjonane både sentralt og lokalt.

Punkt 9. Definisjonar og krav vedrørende kurs

For Noregs Ungdomslag er det viktig å skolere alle og gi kurstilbod for medlemmer i alle aldrar. For ein organisasjon som jobbar med aktivitetar for barn er det særskilt viktig å skolere vaksne i organisasjonskunnskap og demokratiarbeid. Vi ber derfor departementet ta bort forslaget om at teljande kursdeltakare må være under 26 år.



Noregs Ungdomslag
Postboks 414 sentrum
0103 Oslo
Telefon 24 14 11 10
Organisasjonsnr. 939 550 550
www.ungdomslag.no
informasjon@ungdomslag.no

Vi støtter LNU sine kommentarar om at aktivitet på regionalt plan bør premierast. Det regionale nivået i organisasjonen er ofte det mest sårbare. Det er likevel her vi ser at vi kan nå dei mange. Det er også på dette nivået det er vanskelegast å få folk til å ta verv. Sentralleddet i vår organisasjon skulle gjerne hatt fleire ressursar til å arbeide på dette nivået. Det ville difor vere ynskjeleg ved utrekning av driftstøtte at ein kunne ta omsyn til slik aktivitet.

Punkt 12. Variable utmålingskriterium

Vi er i utgangspunktet positive til at teljande medlemmar i sentralstyret skal vere eit utmålingskriterium. Å få fleire unge under 26 år inn i styrande organ i organisasjonane kan vere eit godt virkemiddel for vitalisering og for å gi ungdom meir påverknad på eigen aktivitet. Likevel ser dette kriteriet ut til å vere altfor høgt vekta og vil kunne føre til ei særskild uheldig vridning av tilskottsfordelinga, jamfør LNU sine kommentarar.

Ei slik ordning kan også lett favorisere reine ungdomsorganisasjonar og skape økonomiske vanskar for organisasjonar som har mange barn som medlemmer.

Vi meiner i tillegg at det er naudsynt å problematisere kven som representerer dei yngre barna som medlemsgruppe i organisasjonane best. Er det gitt at det er ungdom under 26 år som gjer dette på best måte? Den erfaringa og kunnskapen leiarar og tillitsvalde som har arbeidd med og blant barn på ulike nivå i organisasjonen har, er viktig å ha med i sentrale styrande organ for at den yngste aldersgruppa i organisasjonane skal bli representert på ein god måte.

Vi ynskjer også å få fram at samspelet mellom dei ulike aldersgruppene og det at også vaksne bryr seg om og tar seg tid til å delta på barn og unge sine arenaer i organisasjonane har stor verdi, og ikkje må bli sett på som eit problem.

Vi meiner det er viktig at departementet i dei nye tildelingskriteria ikkje legg opp til ei innskrenking av organisasjonsmangfaldet, men legg til rette for at generasjonsorganisasjonane også får drive eit godt barne- og ungdomsarbeid.

Beste helsing
Noregs Ungdomslag

Gunhild Berge Stang (sign)
Leiar



Marit Jacobsen
generalsekretær